

på Tysnessåto



FRÅ KVINNHERAD: – Ei heilt magisk oppleveling, seier gjengen frå Kvinnherad om sâtekonserten. Frv. Ann Irene Sæle frå Uskedalen, Remi Onarheim, utflytta tysnesing til Rosendal, Monica Helen Sæle Kårstad, Rosendal, og Miriam Sæle Kårstad frå Valen.

Johannessen frå Bergen, med feriepllass i Ve.

– Dette var ei himmelsk oppleving, kommenterer han etter at konserten er over.

– Eg har vore mange gonger på Såto, men dette var den første sâtekonserten. Det blir ikkje den siste, legg han til.

– Blei forventningane innfridd?

– Ja, absolutt. Det er alltid spektakulært å vera her, både i fint og dårlig ver. Å sjå alt mylderet her i dag, er heilt imponerande. All ære til dei som klarar å få dette til, seier han rosande.

– Eg vil tru det må vera heilt spesielt for artisten å få vera med på dette også, seier han. Og smiler.

– **Kunne gått ein tur til** Utflytta tysnesing Sonja Hjelle er også på sâtekonsert for første gong. I år passa det med ferien.

– Eg har hatt to magiske

oppleveligar, ikkje berre musikken, men og stemminga, fyrt på Solstråleøya i går kveld, og så her i dag. Dette freistar til gjentaking, kommenterer ho.

Remi Onarheim har teke med seg tre kvinnheringar til sâtekonserten.

– Sivert Høyem har ein av Norge sine finaste stemmer. Eg kunne gått opp ein gong til for å høyrá han, seier Ann Irene Sæle frå Uskedalen, også ho på sâtekonsert for første gong.

Gjengen frå Kvinnherad er heilt samstemte om turen.

– Heilt fantastisk. Ein nydeleg stad, og ei flott musikalsk oppleving.

– Neste år kjem me igjen, seier dei i kor.

OLE SKATEN
ole@tysnesbladet.no

Adrenalinfylt tur i fjorden



KLAR FOR TUR: Ein spent Hugne Furdal gler seg til å køyre i ribbåt for første gong. – Eg forventar at det vert fartsfylt, smilte han før turen.



FULL FART: Turen var på omlag ein time, og på den tida fekk ein sett mykje. Her er båten framme ved Marstein fyr. Fremst sit Reidar Fyllingen (t.v.) og Hugne Furdal (t.h.). Bak sit Brede Rusvold, Christine Larsen, Joachim Holmedal (sjøfar) og Kristoffer Hollås.

Bergen Seair sytte for fart og moro under Tysnes-fest.

– Eg forventar at det vert fartsfylt!

Hugne Furdal sit og ventar spent på å få vera med i den første RIB-båtturen under Tysnesfest. Det er første gongen Hugne skal på ein slik type båttur, og han gler seg til fart og spanning på sjøen. Mor Jorun Karin Furdal ser meir skeptisk ut.

– Eg er glad for at eg slepp vera med, ler ho.

Kledd for tur

Saman er dei på bobilferie, og har parkert bilen i Våge for å få med seg Tysnesfest.

– Me har kjøpt festivalpass, så me lyt prøva å få med oss mest mogleg av festivalen, smiler ho mot sonen, som nikkar einig for han går og kler seg for turen.

Etter å ha fått på seg flyte-

drakt, flytevest og brillar, var han klar til ein tur i ein av dei to ribbåtane firmaet hadde med på festivalen. Ein båt med heile 700 hestekrefter.

Heilt til Marstein fyr

– Båtana her kan opphaveleg køyra i 70 knop, men me kører ikkje i meir enn omlag 50, fortel Joachim Holmedal frå Bergen Seair.

Kollega Kristoffer Hollås legg til at tryggleiken er eit av dei to hovudfokusa til den nyeblaerde bedrifta, som vart starta opp i fjor.

– Det andre er sjølvsagt kundeopplevelinga. Må ynskjer å gje kundan våre noko dei snakkar om i ettertid.

– Og for å oppnå dette, var ruta for keyreturen noye planlagt. Målet var Marstein fyr, som ligg i Austevoll kommune. På vegn vart det koyrd mellom holmar og trange skjær.

– Tanken er at dei som er

med skal få oppleva alle elementa ved tur i ribbåt, både havrafting med hopp på blygjer, og köyra mellom holmar og skjær, fortel Holmedal.

Kjend på strekninga

Og Hugne kunne etter turen skriva under på at opplevelsen stod til forventningane.

– Det var svært kjekt! Det eg likte aller best var humpane då båten köyrd over blygjene, sa han med eit breidt glis etter å ha kome i land att.

Ein annan som var godt nøgt med turen, var Reidar Fyllingen.

– Eg er godt kjeld i området etter å ha jobba ombord på MS Eidsfjord i 1971. Då gjekk båten i rute mellom Austevoll og Fitjar, to ganger i veka. Men dette var ei anna opplevelse, det var litt heftigare, smilte han på land etter turen.

LENA HELVIK
redaksjonen@tysnesbladet.no